

A woman wearing a red hijab and a denim jacket is shown in profile, looking towards the left. In the background, a large, out-of-focus face is visible through a window with a grid pattern. The overall mood is contemplative and artistic.

UTA FOR

**DET
NORSKE
TEATRET**

YUSEF BARTHO AL-NAHI

Medgrunnleggjar av JustUnity

Al-Nahi har jobba i Konfliktrådet, vore prosjektkoordinatør for førebygging av radikaliserings og ekstremisme i Minotenk.

Han har dei siste seks åra samarbeidd tett med norske kommunar, politiet og andre relevante aktørar for å førebyggje radikaliserings og ekstremisme.

Yusef var sjølv i ein radikaliseringsprosess i perioden 2009–2010. Han bruker også si personlege erfaring både i samtale med ungdom og når han held foredrag rundt om i inn- og utland.

FATEN MAHDI AL-HUSSEINI

Medgrunnleggjar av JustUnity

Al-Husseini var medarrangør av demonstrasjonen mot Den islamske staten (IS) 25. august 2014 og vinnar av Bergersenprisen 2014 for engasjementet og den sterke stemma mot ekstremisme.

Ho har jobba i Irak som hjelpearbeidar og har sett ekstremisme og terrorisme på nært hald.

Det siste året har ho jobba med å reise rundt i inn- og utland for å snakke til både skuleelevar, politikarar og menneske i førstelinja om korleis ein kan førebyggje og arbeide mot ekstremisme.

Ho har også eit stort engasjement for sosial kontroll knytt opp mot integrering og arbeidet mot ekstremisme.



SIRI MARIE SEIM SØNSTELIE

Medarbeidar i JustUnity (frivillig i JustUnity, tilsett medarbeidar frå sommaren 2016 og fram til 1.3.2017)

Sønsteliie har ein bachelorgrad i internasjonale relasjonar og menneskerettar frå University of Essex og ein mastergrad i sikkerheitspolitikk frå University College London.

Masteroppgåva hennar handlar om førebygging av valdeleg ekstremisme og avradikalisering av personar som har vore involverte i ekstreme grupper.

I tillegg til å ha ein solid fagleg bakgrunn har Siri sjølv følt terror på kroppen som ein av dei som overlevde angrepet på Utøya 22. juli 2011. Ho har skriva den sterke boka «–Jeg lever, pappa» om opplevingane sine den dagen.

TOR ITAI KEILEN

Tilsett på prosjekt i JustUnity

Keilen har arbeidd som frilans skodespelar og regissør sidan 2008, og har brei erfaring med både store og små teaterproduksjonar, i alt frå profesjonelle ensemble til amatørteatergrupper.

Sidan 2013 har han òg vore knytt til frigruppa Para Film & Teater, og har arbeidd både som produsent og skodespelar ved dei fleste av produksjonane til gruppa.

Han er utdanna dramapedagog, og har sidan 2013 arbeidd som instruktør og teaterlærer ved ulike kulturskolar i Oslo og Akershus.

Keilen er fødd i Israel og er jøde.



UTA FOR

AV SVEIN TINDBERG

I SAMARBEID MED JustUnity

MED

FATEN MAHDI AL-HUSSAINI

YUSEF BARTHO AL-NAHI

SIRI MARIE SEIM SØNSTELIE

TOR ITAI KEILEN

og

BÅRD ELIAS NYSTØYL

ADANNE LIN-JI EZIMOHA SÆTEREIE

SEBASTIAN SEVERIN ALSTEDT

NICOLE GENOVE FERNANDEZ

VETLE KRISTIANSEN

LINDE MYKLEBUST HODNE

KEVIN HAUGAN

HANNAH HASLIE WESTENVIK

AMISHA KUMRA



URPREMIERE 13. APRIL 2018 PÅ HOVUDSCENEN

Regissør **SVEIN TINDBERG**

Lysdesignar og scenograf **TORKEL SKJÆRVEN**

Kostymedesignar og -koordinator **LINE ANTONSEN**

Videodesignar **FINN WALTHER OG MARTIN WALTHER**

Koreograf **BELINDA BRAZA**

Komponist **ØYSTEIN SKAR**

Lyddesignar **CHRISTOPHER WOXHOLT**

Dramaturg **ANDERS HASMO**

Inspisient **ERLEND STAMNES**

Sufflør **GRY HEGE ESPENES**

Rekvisitør **HELGE FYKSE**

Maskør **JORUNN ASKELAND OG IDA FRITHIOFF**

Lysmeister **ALEKSANDER KOLSTAD**

Scenemeister **RICHARD SVENNEVIK SKAAR**

Videoteknikarar **RAYMOND STUBBERUD /**

NIKOLAI BERGSTRØM

Video presseklipp **OLE BERG-RUSTEN / NTB REUTERS**

Dei som medverkar i filmane:

MAGNUS WALTHER TINDBERG

OLLIVER VÅGE

DENIZ KAYA

Rettane til arkivmaterialet:

BBC Broadcast archive

NTB Reuters

NTB

Getty Images

TAKK TIL

Bergesenstiftelsen


Den Mangfaldige Scenen

FOTO: Dag Jenssen

Bilda er tatt i prøveperioden

GRAFISK FORMGJEVING OG TRYKK: 07 Media

REDAKSJONEN: Svein Tindberg og Ida Michaelsen

A person stands in silhouette on the left side of the frame, facing right. The floor is covered with numerous playing cards scattered across it. The background consists of vertical panels, possibly a wall or a screen, with a dark, moody atmosphere.

På toget hjem til Tønsberg følte alt helt likt, bortsett fra at jeg måtte finne en måte å fortelle foreldrene mine at sønnen deres, døpt og konfirmert i Torød kirke, var blitt muslim. Det slo ikke så godt an, for å si det sånn. Vi satte oss til middagsbordet og jeg sa det bare. «Deilig mat ... Jeg har forresten konvertert til islam i dag. Hvordan har dagen deres vært?»


Jeg følte det som om jeg hadde funnet de siste brikkene i puslespillet da jeg fant islam, men at det nå følte som om jeg hadde konvertert ut av Norge. Det traff nok mange hardt at en etnisk norsk mann fortalte at han ikke følte seg norsk lenger.

Hadde gruppa vår den dagen vedtatt noe annet enn en demonstrasjon hadde jeg blitt med på det, jeg var nå det som heter ekstremist.

Han som hadde kalt terroren i New York for den beste dag i menneskehetens historie sto midt i Oslo sentrum og truet landet mitt, og for første gang på et år tenkte jeg akkurat det – han truer landet mitt, Norge, landet mitt. Det ble fullt kaos.

Yousef Bartho Al-Nahi






Den dagen foreldrene mine fikk sine tre gassmasker,
en til mor, en til far og en liten barnegassmaske til meg,
bestemte de seg for å flytte til Norge.

Hjemme hos oss holder vi på kristen tro
og jødiske tradisjoner, påskelam og oppstandelse,
pesach, hannukah og Jesu fødsel i en stall.
Vi feirer norsk jul, men pappa pynter seg ikke.
Han setter ut flagg på 17. mai, men går aldri til byen.

Jeg sier det aldri. Jeg har aldri sagt det til noen,
at jeg er jøde. Når du bærer på en hemmelighet
på den måten, gjennom hele skoletiden,
når viktige sider av deg alltid må holdes skjult,
blir du alene, på en måte.

Jeg kompenserte med utadvendthet,
med humor, med teater.

Tor Itai Keilen



Jeg kunne løpt rett fram til pumpehuset,
jeg kunne tatt til høyre – jeg tok til venstre.
Jeg fulgte bare etter noen. Jeg kjente dem ikke.
Hva skjer egentlig? Hva er det vi løper fra?

Alle som var på Utøya har tenkt sånn.
Skikkelig dårlig samvittighet for å kunne gå,
eller spise en is, eller sove i egen seng.

Du kan ikke belyse 22. juli uten å fortelle om ham.
Å si at vi ikke skal snakke om ham er å fjerne seg
fra debatten. Da tør vi ikke å ha det vondt
– men det er vondt.

Siri Marie Seim Sønstelie

KVAR KJEM DU FRÅ?

Tekst: Geir Lippestad, tidlegare styreleiar i *Just Unity*, lokalpolitikar for Arbeiderpartiet i Oslo og forsvarsadvokat. Mellom andre har han ført forsvaret for Ole Nikolai Kvisler og Anders Behring Breivik.

EG ER SÅ HELDIG som får kjenne mange menneske frå forskjellige miljø. Ei jente eg kjenner godt, spurde meg ein kveld mens vi sat og åt kveldsmat: «Kvifor lurer alle på kvar eg kjem frå?» Eg trur det er fordi det er viktig for oss menneske å vite noko om dei vi møter, og kvar du bur, er ein slik kunnskap, svarte eg. «Men kvifor gjentek dei alltid spørsmålet når eg fortel at eg er frå Grorud i Oslo?» spurde ho vidare. Ho fortalde at det er akkurat som om menneska ho møter, ikkje aksepterer at ho er frå Oslo, sjølv om ho er fødd og oppvaksen her. Det er hennar heim, på lik linje med din og min heim. Ho har fleire gonger undra seg over om det er fordi huda hennar er litt mørkare enn mi, fordi foreldra hennar er frå Iran og Irak, eller fordi ho vel å bruke hijab.

Utanforskap kan kome av mange forskjellige faktorar. Vi har lett for å tenkje at dei som ropar høgast om at «du bør reise tilbake dit du kom frå», er dei som i størst grad bidreg til polarisering og kjensla av å ikkje høyre til. Heldigvis er ikkje slike opne, intolerante utsegner daglegdags. I Noreg møter ein dette nokså sjeldan, dersom vi ikkje reknar med dei såkalla nettrølla som stadig spyr ut eiter og galle mens dei gøymer seg bak skjermens skjold. Utsegna «kvar kjem du frå» er derimot allemannseige for dei av oss som har hatt gleder av å ha slekt tilbake til ei

svunnen tid i landet. I dei fleste tilfelle er ikkje dette vondsinna eller vondt meint, men samtidig har det ei ekskluderande kraft nettopp fordi det ber med seg ei oppfatning av at nokre er «norskare» enn andre.

I framsyninga *Utafor* får vi høyre fire menneske som fortel om utanforskap. Nokre har stadig vekk følt at dei har levd og eksistert på ein eigen planet midt blant oss, andre har opplevd ytste konsekvens av kva eit samfunn kan bli påført av lidning og død, som følgje av ekstremisme og terror.

Årsakene til utanforskap kan vere mange, men eg trur det er riktig å seie at dei som ikkje opplever anerkjenning og aksept i eit samfunn, også føler mindre lojalitet og dermed har kortare veg ut av fellesskapet og inn i einsemda. Eller, i verste fall, kortare veg til grupper som står med opne armar nettopp fordi hatet til samfunnet er limet som held gruppa samla. I søkinga etter å finne sin plass i samfunnet er det ikkje alltid det aktivt fordømmende mennesket som er det største problemet. Det er alle dei tause, likeglade, dei som eigentleg ikkje bryr seg, som er den største utfordringa for eit skjørt sjølvbilde. Alle ønskjer ein plass i samfunnet, og får vi ikkje ein plass, tek vi ein som er ledig. Dei sist tilgjengelege billettane er ofte i yttergrensene av samfunnet, men for dei som vel den vegen, kan det verke forlokkande. Endeleg ein stad å bli sett.

I mange år har eg arbeidd med menneske som er straffedømde. Gjennom oppveksten deira er dei ofte omtala som verstingar eller samfunnstaparar. Ein av dei mange-

årige klientane mine har lært meg det aller mest sentrale om omgrepet menneskeverd. Han fekk sjanse til å spele hovudrolla i eit skodespel som fengselet skulle setje opp for befolkninga i byen, og utførte oppgåva over all forventning. Han song, og hadde lært all tekst utanåt, også den som var på engelsk. Etter framsyninga fekk han ståande applaus. Denne tøffe, unge mannen gret på premiefesten. Då eg spurde han kvifor, såg han på meg og sa: «Eg kan ikkje hugse at nokon har klappa for meg. Nokon gong.» Eg kjenner hans journal frå livsens start. Han har aldri fått det privilegiet det er å føle anerkjenning og respekt.

Viss vi tenkjer oss ein kvardag der vi blir latterleggjorde, mistenkeleggjorde og nedvurderte på dagleg basis, kven av oss hadde klart å bli den beste utgåva av seg sjølv? Er det ikkje det verste i oss som vaknar, når det er nettopp det samfunnet forventar og tilbyr? Kvar eit samfunn har behov for å diskutere kven vi er, og om alle har ein plass. I det gamle bygdesamfunnet var det enkelt å setje fingeren på guten som valde å elske ein annan gut. Jenta som blei gravid utanfor ekteskap. Familien som fekk ein psykisk utviklingshemma son, dei fattige eller dei som var tilflyttarar frå nabobygda. Dette fenomenet hadde til og med eit namn – «bygdedyret». Det var dei mot oss, vi er dei rettskafne, det er dei som ikkje høyrer til. I dag fnyser vi av denne måten å behandle menneske på, men i den globale verda vi lever i, har bygdedyret vakse seg endå større og sterkare. No har vi fleire å peike på, fleire å rynke på nasen til, fleire å spørje «kvar kjem du frå? Kvifor er du her?».

Dei samfunna som i framtida meistrar mangfaldet på den beste måten, vil også bli dei tryggaste og mest spennande stadene for oss menneske å bu. Menneske er forskjellig – vi er gamle, unge, har nedsett funksjonsevne, kjem frå forskjellige land. Vi vel å leve åleine eller i kollektiv. Nokre dannar familie, andre gjer det ikkje. Vi elsker den som passar best for oss. Vi ber med oss den kulturen og dei tradisjonane som foreldra våre har gitt oss. Nokre vel å tru på ein gud, andre vel å tru på andre ting. Inkludering handlar ikkje om at vi skal vere mest mogleg like, men at vi skal respektere og anerkjenne kvarandre for dei vi er.

Eg kjenner på fordommar i meg sjølv kvar dag. Tillèt eg meg sjølv å bli kjend med det mennesket eg er usikker på, fell fordommane til jorda. I denne framsyninga får vi høve til å møte fire forskjellige menneske som alle har gjort forskjellige val. Gi dykk sjølv den gåva det er å få ta del i deira perspektiv for ein kveld. Eg er heilt sikker på at det vil gi viktige erfaringar. Vi har alle eit ansvar for at det ikkje er dei som skrik høgast og mest brutalt, som styrer samfunnet. Det viktigaste er at fleirtalet bryr seg, at vi ser og møter enkeltmenneske der dei bur og lever, på butikken, skulen, jobben eller i nabolaget. Hugs at eit hyggeleg blick eller eit smil kan vere nok til å forandre livet til eit menneske.

Til nynorsk ved Aud Søyland



Jeg er født i sjaenes hellige by, men det bor masse sunnier der – og kristne. Det har aldri vært noe problem – men på en videregående skole i Oslo var det liksom det. Hele tida var det sånn der: «Er du sjaia eller?» Vi var fire sjaia på skolen, men nå tok jeg opp kampen. Jeg gikk til krig.

Jeg var radikalisert, jeg var ekstrem. Alle som ikke forsto det jeg forsto, eller hadde sett det jeg hadde sett, var vantro! Til og med moren og faren min tenkte jeg på som vantro.

Min religion er vakker, den lærer oss å studere, å elske, den lærer oss om fred.

Etter den dagen fikk jeg drapstrusler fra Norge, fra Irak, fra London, fra Syria, ja, til og med USA fordi jeg mente noe som kvinne.

Alle etniske norske støttet meg og ropte hurra.

Men så – senere, når jeg skal være programleder i NRK, så roper alle de samme folkene som hadde ment at jeg var så modig, nå roper de at jeg er undertrykt fordi jeg har hijab. Snakk om dobbeltmoral.

Du kan ikke vinne.

Det er egentlig lett – vi forandrer oss hvis vi tør å bli kjent med hverandre.

Faten Mahdi Al-Husseini







UTANFOR

«UTANFOR» ER DEN KLUMPEN I MAGEN, DEN DER DU VEIT AT NOKO IKKJE STEMME, OG BRUKER HEILE OPPVEKSTEN PÅ Å TRU AT DET ER DEG DET ER NOKO GALE MED.

Tekst: Nancy Herz, menneskerettforkjempar, ein av dei «skamløse jentene» og forfattar av boka *Skamløs* i lag med Sofia Nesrine Srour og Amina Bile.

«Utanfor» er det å vite at du aldri er nok. Norsk nok. Libanesisk nok. Muslimske nok. Vestleg nok. Flink nok. Snill nok. Rett og slett ikkje god nok.

«Utanfor» er når du opplever rasisme på den eine sida. Negativ sosial kontroll på den andre. Litt mobbing for å gjere det heile vanskelegare, toppa med at det generelt er hardt å vere i puberteten.

«Utanfor» er når desse opplevingane blir diskrediterte, og du blir fortald at rasisme ikkje finst, og at negativ sosial kontroll ikkje finst. Men kvar finst du oppi det heile?

«Utanfor» er den kjensla når du gjer alt du kan for å vere innanfor, og endar opp med å overkompensere for alt som gjer at du er ein «annan». Og i jakta på å bli ein del av «oss» mistar du det aller viktigaste, nemleg ideen om «deg».

Kven er du når alt du er, alt du meiner, alt du trur på, er i eit krysspress? Kven er du, når det er sterke ytterpunkt og krefter som prøver å dra deg til seg? Og ikkje minst kven vel du å vere, når alle prøver å fortelje deg kven du er? Eg har sjølv opplevd å føle meg utanfor. Då eg gjekk på ungdomsskulen, var eg aldri ein del av «gjengen». Eg

ville ikkje vere det heller. Eg gjekk rundt og syntest at medelevene mine var kjipe, og hang heller for meg sjølv eller med dei vaksne. For meg blei flukta religion.

Eg tenkte at eg aldri kom til å bli «norsk nok», og satsa heller på å bli «den perfekte arabiske/muslimske jenta». Ingen fortalde meg at ho eigentleg ikkje finst, og at ambisjonane mine var for høge. Eg skulle bli den beste muslimen i verda, og ikkje minst best på å vere utanfor.

«Eg skal vise dykk kva det betyr å ikkje passe inn», tenkte eg. Og det varte ei stund. Men for meg var dei sjølvpåførte avgrensingane, utanforskapen eg dyrka og som eg mistolka som styrke, og ikkje minst tanken om at eg kunne bli «bra nok», det som heldt prosjektet gåande.

Eg har brukt mykje tid i etterkant på å finne ein balanse. Då eg slutta heilt å tru nokre år seinare, følte det frigjerande, og riktig. Men så kjem spørsmåla: «Gjer eg dette fordi det er det motsette av noko anna, eller fordi eg verkeleg ønskjer det?» «Lever eg livet mitt slik eg gjer, fordi det er riktig for meg, eller fordi det er det motsette av det foreldra mine ønskjer?» «Kven er eg?»

Utanforskap handlar ikkje berre om ikkje å vere det eine eller det andre. Det handlar om det som skjer når summen av identitetane dine blir opplevd som uforeinleg, og ingen tar seg bryet med å fortelje deg at det går an å vere «både-og», ikkje «anten-eller».

Eg fann min balanse til slutt, men det kravde noko av meg. Det kravde ei forståing av at det å velje eit ytterpunkt er det enklaste ein kan gjere. Det er ingen heldedåd. Ei forståing av at det krev meir arbeid å vere «både-og» enn å vere «anten-eller». At ein då må tenkje gjennom alle vala og verdiane sine, og spørje kvifor ein har dei, og kvar dei kjem frå.

Det kravde ikkje minst at nokon såg meg og gav meg eit fellesskap basert på noko anna enn ytterpunkt. For meg handla det om menneskerettar og menneskeverd, og i år er mitt sjuande år som Amnesty-medlem og aktivist. Dette engasjementet gav meg nokre grunnpillarer som eg har lent meg på i etterkant, når eg har danna meg ei meining om noko. Eg kallar dei for «saklegheit», «å vere konsekvent» og «å vere prinsippfast».

Det kravde ein innsats frå foreldra mine, som betalte meg for å vere med venner, frå vennene eg fekk på vidaregåande og som gjorde at eg blei ein del av «gjengen», frå dei som pirka meg i riktig retning. Som ikkje såg på meg som ein «annan», men som sa at summen av identitetane mine er både er tillaten og ønskjeleg.

Å vere «innanfor» er å vite at det ikkje er deg det er noko gale med, men systema som avgrensar deg og tener på den dårlege klumpen i magen som du held for deg sjølv. Skal vi nedkjempe utanforskap, må vi nedkjempe systema, ikkje menneska i dei. Og ikkje minst så må vi snakke saman.

Til nynorsk ved Aud Søyland
































JustUnitys formål er å gi kunnskap om og forståing av årsaker til radikalisering, slik at dette kan motarbeidast. Vi ønskjer å skape bevisstheit hos ungdom og gi dei kunnskap til om radikaliseringsmekanismar og ekstremisme, og å arbeide med radikalisert ungdom for å tilby dei ein veg ut av det radikaliserete miljøet dei er i, eller held på å bli ein del av.

JustUnity har eit tredelt mål med arbeidet:

- auke kunnskapen om og forståinga av prosessar som leier til ekstreme tankegangar, haldningar og handlingar, gjennom dialog, foredrag og debatt på *skular og elles i sivilsamfunnet* for å motverke og forhindre ekstremisme.
- heve fenomen-kompetansen på radikalisering og ekstremisme i *kommunane* gjennom foredrag, kurs og ved å dele arbeidsmetodar, verktøy, suksesshistorier og anonymiserte versjonar av saker frå verkelegheita.
- hjelpe kommunar i aktive saker med likemannsarbeid, ikkje behandling, som *eit bindeledd mellom ungdommen og relevante kommunale aktørar*.



Del dine opplevingar hos oss på Instagram og Twitter.

FØLG OSS



Facebook: detnorsketeatret

Twitter: @detnorsketeatre

Instagram: #detnorsketeatret

www.detnorsketeatret.no

BILLETTLUKA: 22 42 43 44



AkerBP

 **OBOS**